

Program 2019 – 2023 Hjartdal SP



HEILE HJARTDAL

sp.no/hjartdal

SP vil lytte til folket!

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå og opp. Ved større beslutningar er det viktig å høyre på dei det gjeld. Om føresetnader eller konsekvensar blir oppdaga eller endra, vil vi justere eller endre dei vedtaka og avgjerder som bør endrast. Hjartdal Senterparti ynskjer mangfald og eit levande lokalmiljø i alle bygdene. Senterpartiet vil vera ein pådrivar for fellesskapet, for naturen og miljøet. Vi vil legge til rette for at frivillige organisasjonar, idrettslag, kulturaktivitetar og sokneråd blir høyrde. Vi vil aktivt koma rundt i bygdene for å diskutere lokale saker. Vi vil sleppe til lag og foreningar så dei kan presentere hjertesakene sine for politikarane. Slik vi ser det, vil busetting, næringsutvikling og arbeidsplassar vera bod nummer eitt for kommunen i åra framover.

Senterpartiet ynskjer å rette eit spesielt fokus på psykisk helse i åra som kjem. Trygge og robuste barn og unge gjev trygge og robuste vaksne – vaksne som kan gje vidare ein god oppvekst til sine eigne barn, og som kan vera ressurspersonar i arbeidslivet og lokalsamfunn. Kommunen har alt å tene, både samfunnsøkonomisk og ikkje minst ut frå eit etisk perspektiv, på å jobbe for god psykisk helse hos alle innbyggerane i kommunen.

Hjartdal skal vera ein god kommune å leve og bu i. Gode nærmiljø, kulturtilbod, fritidsaktivitetar og variert næringsliv er viktige faktorar for folketalsauke, trivsel og kjensle av å høyre til. Hjartdal Senterparti har store krav til kvalitet i barnehagar, skular, helse og innan omsorg. Vi ynskjer å sikre innbyggerane sine behov ved god og rasjonell drift. Kulturminne, kulturmiljø og muse er viktige delar av det vi kallar samfunnets felles minne. Kulturarven bør gje kunnskap, forteljingar og opplevingar. Senterpartiet vil hjelpe til med å lyfte kulturmiljøa i kommunen.



ANSVARLEG STYRING.

Hjartdal kommune har tatt mange store økonomiske lyft dei siste åra. Slike investeringar gjer det viktig med god økonomisk styring. Senterpartiet vil vera opptatt av at kommunen ikkje brukar meir pengar enn den får inn. Ubalanse i økonomien vil lett råke dei teneste som er mest nødvendige innan skule, helse og næringsliv.

Rekruttering av arbeidstakarar med høvelege kunnskapar er viktig for at Hjartdal kommune skal løyse oppgåvene sine best mogleg. Ei godt fungerande lærlingeordning er sentral for å skaffe framtidige dyktige tilsette. Hjartdal Senterparti vil prioritere eit høgt inntak av lærlingar i kommunen.

Hjartdal Senterparti vil:

- Føre ein ansvarleg økonomisk politikk.
- Vidareutvikle samarbeidet med andre kommunar og halde fram som eigen kommune.
- Fokusere på god kommunikasjon mellom innbyggjarar og kommune.
- Senterpartiet vil jobbe for å kunne redusere eigedomsskatten og kommunale avgifter.
- Vera varsam med å auke lånegjelda til kommunen.
- Arbeide for at fleire kan ta i bruk fritidsbustaden som heilårsbustad.
- Lag og foreningar som søker spelemidlar, må få hjelp til søknadsarbeidet i form av faglege råd og støtte frå kommunen.
- Arbeide for auka kraftinntekter ved å få regulert naturressuskskatten og få justert kapitaliseringsrenta. Dette vil i sum utgjera mykje for den kommunale økonomien.



INSPIRERANDE OPPVEKST.

Gode lokalsamfunn skal gje trygghet, tilhørighet og identitet. Lokale tilskipingar som Slåttefestivalen, Bygdedagane i Sauland og Tuddal er vellykka arrangement som vi meiner alle bør støtte opp om.

Hjartdal Senterparti vil:

- Oppretthalde barnehage og lokalt opplæringstilbod i alle tre bygdene.
- Utvikle ungdomstilbodet i samarbeid med dei unge.
- Opprette ungdomsråd.
- Støtte opp om det frivillige ungdomsarbeidet i kommunen.
- Arbeide for å byggje ny barnehage i Hjartdal.
- Utvikle godt samarbeid mellom barnehage – barneskule/montesorriskule – ungdomsskule.
- Kulturskulen skal fortsetja å gje eit varierte tilbod til elevane.
- Vidareutvikle arbeidet med gratis leksehjelp i kommunen.
- Ha null-toleranse for mobbing og trakassering.
- Vidareutvikle MOT og andre livsmeistringsprogram i skulen.
- At nærmiljø og natur skal takast enda meir i bruk.
- Sikre god digital kompetanse blant lærar og elevar i skulen.
- Meir bruk av entreprenørskap i skulen - vi ynskjer å stimulere barn og unge, slik at dei ser mogleghtar for å skape nye arbeidsplassar i framtida.

Det skal vera skular for kunnskap og utvikling!

SPRUDLANDE NÆRINGS LIV

Det er og viktig å legge til rette for utvikling av nye bedrifter og vekst for eksisterande bedrifter. Hjartdal senterparti er opptatt av at kommunen som tenesteytar skal vera pådrivar og ein god hjelpar i samhandling med næringslivet i og utanfor kommunen.

Hjartdal Senterparti meiner og det bør etablerast et enda tettare samarbeid mellom Tinn og Notodden kommune for utvikling av attraksjonar og reiseliv i regionen.

Hjartdal Senterparti vil:

- Få til sommarjobbtilbod til ungdom i kommunen, i samarbeid med næringslivet.
- Stimulere til bruk av lokalt næringsliv og kompetanse der det er mogeleg.
- Arbeide for betre samarbeid mellom kommune og næringsliv og legge til rette for nye verksemdar.
- Utnytte statusen som Nordbygda har fått som nasjonal utvalt kulturlandskap.
- Auke aktiviteten i skogbruket og sjå på moglegheitene for vidare foredling av tømmerstokken i kommunen.
- Ein skal arbeide for næringstomter i kvar bygd og støtte opp om ny og eksisterande næring i kommunen.
- Vidareføre tilskots ordninga for kjøp av mjølkekvoter i landbruket.
- Styrke tradisjonsmatproduksjonen i kommunen og regionalt.
- Greie ut kommunale støtteordningar for oppatt-grøfting av gamal eng og dyrking av ny jord.
- Legge til rette for ny vasskraftproduksjon og bruk av solenergi i privat regi.
- Utvikle og tenkje nytt rundt reiselivsnæringa i bygdene.
- Ynskjer framleis hyttebygging i satsingsområda.

HELSE OG OMSORG

Gode helse- og omsorgstilbud blir skapt i samspel mellom kommunen, pårørende og frivillige lag. Frivillige organisasjonar er ein svært viktig del av samfunnet. Dei løyser mange nødvendige oppgåver som elles ikkje ville bli løyste. Hjordal Senterparti ynskjer å ta godt vare på dette unike arbeidet.

Hjordal Senterparti vil:

- Oppretthalde kjøkkenteneste på sjukeheimen. «Kortreist mat er god mat»
- Syte for rett og nok bemanning i helsevesenet.
- Ha auka fokus på tidleg innsats i høve mental helse til ungdommen i kommunen.
- Vi vil fremje friluftsliv og frivillighet i folkehelsearbeidet.
- Arbeide for at innvandrarene raskt blir inkludert i lokalsamfunnet.
- Legge til rette for at alle får mogelegheit til å bu heime så lenge som mogleg, og ha fokus på digitale løysingar og bruk av velferdsteknologi.
- Vera ein pådrivar for godt samarbeid mellom idrettslaga og kommunen for auka fysisk aktivitet i skulane.
- Arbeide for å skape gode møteplassar for ungdommen i kommunen.
- Oppmuntre frivillige grupper og lag som har gode idear og prosjekt til utvikling av kommunen.
- Sikre at jordmor/helsestasjon og skulehelsetenesta kan utvikle deg i tråd med krav til førebygging og tidleg innsats i barnefamiljar.

SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

Eit levande lokalmiljø skal ha sikker, effektiv og miljøvenleg infrastuktur.

Sikre skulevegar: Gang- og sykkelvegar bør byggast der barn ferdast til skulen.

For Senterpartiet er det viktig at ein har fokus på trafiksikkerhet i desse spørsmåla, og det må også takast omsyn til dyrka mark, natur og miljø.

Hjartdal Senterparti vil:

- Krevje oppgradering av fylkesvegane.
- Oppretthalde eksisterande kommunale vegar.
- Arbeide for betre mobildekning i kommunen.
- Jobbe for at Haukelidekspresen stoppar i Hjartdal, Sauland og på Ørvella.
- Kommunen skal vera pådrivar når det gjeld å sikre lokal beredskap, og at krava til responstid blir oppfylt.
- Arbeide for å bedra ladetilbodet i kommunen.
- Arbeide for et bedra busstilboda i kommunen.
- Støtte opp om arbeidet med faste scootertraseér i kommunen.
- Digital allemannsrett.
- Hjartdal SP ønsker ikkje bomstasjonar eller vindmøller i kommunen.
- Utrede mulighetane for å byggje brannhydranter i bygdene for å styrkje brannberedskapen.



Hundre prosent dekning av fiber til alle husstandar!

GRØN VEKST

Eit levande lokalmiljø skal utfordre livsstilen vår – å tenkje globalt er å tenkje lokalt.

Hjartdal Senterparti vil:

- Få til nybyggartilskot og gje tilskot til bustadbygging.
- Bustadbygging skal kunne skje i alle delar av kommunen.
- Vera pådrivar for miljøstasjon på Ørvella industriområde.
- Betre miljøarbeidet i kommunen.
- Sikre gode avfallsløysingar for alle i kommunen, og ta tak i forsøplinga langs vegar, stigar og løyper.
- Legge til rette for et bærekraftig og miljøvennlig landbruk.
- Arbeide for at det blir laga Kulturminneplan for kommunen.
- Vera pådrivar for kommunmale bustadtomter i alle bygdene.
- Auke kunnskapen om klimautfordringane, og forståing for behovet for reduserte utslepp.
- Stimulere innbyggjarane til å ta klimaomsyn i kvardagen.
- Ta miljøansvar ved alle kommunale innkjøp.
- Arbeide for et aktivt landbruk for å kunne ta vare på det fine kulturlandskapet i bygdene.
- Hjartdal SP ynskjer eit sterkt jordvern, og vi ynskjer tett kommunikasjon med organisasjonane innan landbruket.
- Vi har tillit til enkeltmennesket, og meiner at folk som får ansvar og handlingsrom vil arbeide for fellesskapets beste.

Grøn utvikling!